

## **Til lokale lag/firma i Vats.**

### **Spleiselag for reguleringsplan for sykkel- og gangsti på Rv 46 frå Knapphus til Kårhus i Vats.**

Vats Grendautval har vore svært oppteken av å få til sykkel- og gangstiar fleire stader i Vats og har skrive til både kommunen og til Statens vegvesen fleire gonger om den stadig aukande trafikken på bl.a. frå Knapphus til Kårhus.

Dette er ein skuleveg for elevar til og frå Vats skule, ein veg til og frå fritidsaktivitetar i Vindafjordhallen og til fotballbanen like ved + stor trafikk til og frå lokale bedrifter i Vats + stor gjennomgangstrafikk med store lastebilar/trailerar og personbilar innover over og utover.

### **Vats Grendautval hadde møte med Vindafjord kommune v/ordfører Arne Bergsvåg og lokale firma/bedrifter fredag 26. aug d.å. i Vindafjordhallen.**

Ordføraren er svært positiv til å hjelpa til å få fortgang i dette arbeidet.

### **Det fyrste som må til, er å få laga ein reguleringsplan for dette vegstykket.**

Er ein reguleringsplan klar, kan arbeidet starta opp raskt dersom det skulle dukka opp "overskotsmidler" frå eit prosjekt som er fullført.

**"Ingen plan, ingen penger til igongsetjing av arbeidet"** sa ordføraren.

Ordføraren utfordra grendautvalet til å senda skriv til lokale firma/bedrifter til å vera med på eit spleiselag for å sponsa penger til kostnadene til eit konsulentfirma som kan laga ein reguleringsplan snarast mogleg.

**Kostnadene for å få til ein reguleringsplan er om lag 250 000 – 300 000 kr.**

### **Grendautvalet ynskjer tilbakemelding frå dykkar firma/bedrift :**

- om de vil vera med på eit slikt spleiselag for dette "papirarbeidet"**
- og kor mykje penger de kan sponsa dette tiltaket med.**

Fint om de kan oppgi eit beløp de kan bidra med.

Alle bidrag kjem vel med.

**Kjem attende til bankkontonr. for overføring av penger dersom de vil vera med.**

Etter at tilbakemeldingane er komne inn, vil underteikna senda skriv til kommunen om det er økonomisk grunnlag for å gå vidare med å engasjera eit konsulentfirma til å laga reguleringsplan for dette vegstykket..

Grendautvalet tek utfordringa og ser at utan slikt spleiselag, får me ikkje til reguleringsplan på lenge.

Grendautvalet vil vera svært takksame om dette kan la seg gjennomføra – dette er eit viktig trafikksikringstiltak i bygda.

**Me ynskjer tilbakemelding til underteikna innan 15. sept. d. å.**

Øvre Vats 29. aug. 2011

Jon Olav Velde  
- leiar i Vats Grendautval –

Mobiltf. 905 54 134  
e-post: [veldejon@online.no](mailto:veldejon@online.no)